

BOLSJEVIK

Diskusjonsbladet til Rød Ungdom nr.5

red sommer!

MOT
SUPER-
MAKTENE!

YLI



MOBILISER!

INNHOOLD:

Leiar: Arbeidet i sommar	s 3
"SOKO" er viktig	s 5
Fullfør vervekampanjen	s 6
Er me einige om opptakskrava?	s 8
Studier for alle medlemmer!	s 10
Meld deg på sommerleir nå	s 11
Aksjonsuke for Spania	s 13
Debatt:	
Statspenger og revisjonisme?	s 14
Er Rød Ungdom en masseorganisasjon?	s 15
Strengere medlemsopptak	s 16



MELDING OM FLYTTINGER

Alle kameratar som skal flytta i løpet av sumaren må sjå til at sentralt hald får sikkeleg varsling om dette. Me treng namn, tidspunkt, kor ein flyttar frå og kor ein flyttar til. Alle slike varslingar skal gå gjennom lagsstyret, og ikkje sendast i brev. Det er viktig at dette vert gjort, elles syner det seg at ein seint får kontakt på ein ny stad eller kanskje ikkje kontakt i det heile tatt med næraste nye lag. Det same gjeld militæret.

Redaksjonen.

LEIAR:

ARBEIDET I SOMMAR

1. Dei viktigaste oppgavene for oss i sommar:

a) Hovudoppgåva er fullføring av vervekampanja. Alle lag og medlemmer må leggja seg i selen for å oppnå målsetjingane om dobling av medlems-talet. Dei lag og distrikt som har denne målsetjinga inne må streva etter så stor overoppfylling som råd er, og stilla seg nye dristige mål for vervinga. Me kan på ingen måte slå oss til ro med dei resultatane me alt har nådd sjøl om desse skulle vera bra i høve til målsetjinga om dobling.

b) Sommarleirane vil og i år få mykje å seia for utviklinga av ungdomsforbundet og det einskilde medlem. Særleg hovuddiskusjonane tek sikte på å føra forbundet framover politisk, og å skapa klårleik på ytterst viktige delar av politikken vår. Mobiliseringa og førebuinga til sommarleiren må gjennomførast strengt. Dei laga som har brote fristen for lagsmøte om sommarleir skal straks halde dette møtet.

c) Sommarkontingent er ein viktig del av den økonomiske sjølbearinga og ekspansjonen til Raud Ungdom. Denne frivillige kontingenten har tidlegare år gitt store summer til forbundet. Alle lag må ta opp denne saka på enten stor- eller smålagsmøte. Studer eigen artikkel i dette nr. av Bolsjevik.

d) Sikkerhetsinnstruksene vår skal handsamast i alle lag i tidsrommet mai/juni. Dette krev eige stortagsmøte. Det er eit prinsipp for kommunistiske organisasjonar å førebu seg på illegalitet og å dekke dei viktigaste delane av organisasjonen. Avvika finns i stort mon på dette området. Studiane av innstruksene og korrigeringa i praksis er ein viktig del av kampen mot høgrørvikket.

e) Det vil verta tatt initiativet til ei aksjonsveke for boikott av turistreiser til Spania og støtte til FRAP og det spanske folket sin kamp mot fascismen. målet må vera å utvikla støtten til FRAP og solidariteten med det spanske folket sin kamp, og få flest mogleg vekk frå å dra til Spania på ferie.

f) Det bør setjast i gong studiar for medlemmene i sommar. Særleg er det viktig å gi nye medlemmer høve til å gå gjennom grunnsirkelen.



Det har tidlegare vorte gjeve melding om at det skal gjennomførast diskusjonar over nytt forslag til vedtekter for ungdomsforbundet i mai. Denne diskusjonen er utsatt til hausten. Landsmotediskusjonane vil såleis starta opp til hausten. Vedtektsforslaget vil verta sendt ut seinare.

Alle lag og medlemmar må vera budd på nyhende i klassekampen. Nye streikar kan bryte ut i perioden. Ved slike høve er det klart at Raud Ungdom straks skal kasta krefter inn. Ingen må derfor sitja med hendene i fanget og venta på melding ovanfrå. Bryt det ut større kampar vil hovudoppgåva til forbundet kunne verta skifta.

2. SOMMAREN GJEV OSS NYE OG GODE TILHØVE FOR POLITISK ARBEID

Det viktigaste her er at mange får betre tid til å driva politisk arbeid. Skuleelevane slepp lekser. Det vert gjerne færre møte. Den sosiale kontakten med sympatisørane kan ofte naturleg styrkast. Alt dette opnar for ei betring av det kvalitative massearbeidet. Dvs. diskusjonar med sympatisørane og andre på aggressive. Den di-

rekte overtvinga av desse til å melda seg inn har derfor føresetnader for å kunna trappast opp. Det same har mobiliseringa til sommarleirane, og førebuingane til leiren, og Spania-veke.

Massearbeidet er avgjerande for kva resultat me skal nå i dei ulike kampsakene. I 1. mai-arbeidet er det oppsummert ei byråkratisk tendens til å stenge seg inne på kammeret, halde eit utal med møte som skal "løyse" alle problema. Interne møte er heilt nødvendige. Men når det stadig stiller seg i vegen for massearbeidet må det ropast varsko. Oppgavevare er nå av ein slik karakter at dei berre kan løysast ved å gå ut til massane. Det er berre ved å fora stadige diskusjonar med mange sympatisorar og andre progressive at me kan nå dobling av medlems-talet. Og det er berre ved å gå aktivt ut til massane at me utnytter dei gode moglegheitene sommaren gjev.



Me trur ikkje det vanskelege ytre vilkår som er hovudårsaka til oppløysing om sommaren. Desse vanskane kan overvinnast ved god planlegging av feriar og sikring av det viktigaste massegrunnlaget frå skulane. Derimot er hovudårsaka liberalisme hos medlemmer og lagsstyrer. Liberalismen er alltid trugsmål mot ei grundig gjennomføring av oppgåvene. Den har sjeldan fått vakse seg sterk og fått kraftig innflyting på arbeidet, heile forbundet, men hogdepunkta for liberalismen kan nett koma om sommaren dersom det ikkje vert kamp mot ei slik utvikling.

Ein slik kamp må først og fremst gå ut på å stilla seg oppgaver for sommaren og å planlegga desse grundig. Det er først når dette er klart at me alle skjønner konkret kvifor det er viktig at laget fungerer skikkelig heile tida. Dinstø må me sjølsagt alle diskutera med dei kameratane som planlegg sommaren for mykje på tvers av laget sitt behov. Slike motseiingar vert lettast løyst ved å visa heilt konkret til kva laget og kamerat-enkan og skal gjera i sommar, og ved å planlegga feriane og tilpassa dei så godt det lar seg gjera i høve til laget sitt arbeid. Dette bør gjerast i god tid for sjølve feriane begynner.

Lange feriar er oftast eit uttrykk for liberalisme. Fleirtalet av vanleg norsk ungdom og det store fleirtalet av medlemmane i forbundet plar ikkje ha lengre ferie enn 3 veker. Dette bør tillempast og denne sommaren.

Fram for fullføring av vervekampanja i alle lag, la oss sikra doblinga av medlemstallet fullt ut.

Oppretthald forbundet alle stader i landet i sommar.

RED.



SOMMAREN SKJERPAR FÅREN FOR LIBERALISTISK UTGLJØDNING

Det finns særlegne vanskar om sommaren. Nokre lagsmedlemmar reiser bort. Skulane er oppløyst og kontakten med sympatisorar herfrå vert vanskelegare. Feriane kan virka forstyrrende inn på lagsarbeidet. Alt dette er med på å skapa objektive tilhøve for rot og liberalisme.


Samstundes finns det og ein borgarleg tendens til å sjå sommaren som ferie og slapp av frå politikk-tida. Alle treng ferie. Men klassekampen held fram, og Raud Ungdom som organisasjon må oppretthaldast. Borgarskapet sine representantar og deira propagandamaskineri legg ikkje ned aktiviteten i sommartida.

'SOKO' ER VIKTIG!

Sommerkontingenten (SOKO) begynte vi med for to år siden, men det var først i fjor den ble noenlunde vellykka. Sommerkontingenten er en frivillig gave til forbundet fra medlemmene, og ble innført for å styrke økonomien og utnytte det at de fleste medlemmer har god råd om sommeren. For det første får de som jobber ei stor ferielønning som de bør kunne avsette en del av til forbundet, for det andre jobber de fleste skoleelevene og har derfor mye mer penger mellom hendene enn resten av året.

STYRK ØKONOMIEN

For ungdomsforbundet er det viktig å utnytte slike muligheter til å øke inntektene. Mao Tse-tung har sagt: "På den ene siden gjelder det aldri å være sløsete eller ekstravagant, og på den andre, aktivt å øke og utbygge produksjonen." (Vi må lære oss å utføre økonomisk arbeid, januar 1945) Forbundet er nå inne i ei periode med kraftig utbygging av organisasjonen, vi rekrutterer medlemmer og bygger nye lag. Dette krever større aktivitet fra organisasjonen når det gjelder reising, møter, sentralt apparat osv. I denne situasjonen må vi sørge for at det er økonomisk grunnlag for å ekspandere, for det er økonomien som skaffer fram de materielle ressursene til drifta vår. Linja må derfor være ekspansjon, også for "sommerkontingenten".



ØKONOMIARBEIDET ER VIKTIG

En viktig feil er å se økonomiarbeid som uviktig. "Enkelte kamerater har ment det er umulig å avse tid til økonomisk oppbygging fordi den revolusjonære krigen gir folk hendene fulle, og de har fordømt enhver som taler om dette som "høyreavvikler". Disse kameratene mener det er umulig å utvikle økonomien midt under en revolusjonær krig. De mener det bare er mulig under de fredelige og rolige forhold som når etterat en endelig seier er vunnet. Kamerater, slike ideer er feilaktige. Hver den som har den, gjør den feil å ikke fatte at uten økonomien er det umulig å sikre de materielle forutsetninger for den revolusjonære krigen, og folket vil bli utmattet i løpet av en lang krig. Tenk over dette! (Mao Tsetung: Legg vekt på økonomisk arbeid, august 1933)

PLANLEGG Å GI SOMMERKONTINGENTEN

Alle medlemmer må allerede nå planlegge å sette av en skikkelig sum som gave til forbundet i sommer. Vi må også diskutere med andre i laget for å finne måter å kunne gi mest mulig. ("Gi så det svir"). Den største feilen er å planlegge ferie, turer og alt det andre som vi ønsker å gjøre i sommer, og så la sommerkontingenten bli det som er igjen når ferien er over. Da kan det lett bli lommerusket som går til forbundet. Derfor: Gi SOKO av den første eller andre ferielønninga hvis du har sommerjobb, for dem som jobber fast, gi SOKO i juni!

Redaksjonen.

FULLFØR VERVEKAMPANJEN

1. mai er over og vervekampanja er igjen hovedoppgava til hele organisasjonen og for medlemmene. Den oppgava vi nå står overfor er fullføring av kampanjas målsetting : Innen sommerleirenes avslutning skal alle lag minst ha dobla medlems-tallet siden sist nyttår. For å klare denn målsettinga, trengs det hardt ,offensivt og systematisk arbeid gjennom hele sommeren fra lagas og medlemmenes side.

Hvilke metoder må vi bruke for å nå denne viktige målsettinga? Vi har nå hatt vervekampanja som hovedoppgave i 4 måneder, og oppsummeringene til nå viser helt klart at den linja som ble lagt fram av sentralstyrets politiske komite og presentert i Bolsjevik nr1/76 er den eneste som er riktig og gir resultater : Nemlig systematiske og gjentatte diskusjoner med alle som støtter Rød Ungdom om medlemskap. Dette er hovedmetoden i hele vervekampanja, og må være den linja vi også følger i sommerarbeidet.

Alle avvik fra denne hovedmetoden i kampanja hittil har ført til mindre rekruttering. F.eks så har det vært en tendens til å føre endeløse diskusjoner med sympatisørene om alle mulige andre saker enn medlemskap, eller å utsette

spørsmålet om medlemskap i lang tid. Dette bryter med sentralstyrets linje med å gripe fatt i hovedspørsmålet : Nemlig at det er viktig at flest mulig organiserer seg i Rød Ungdomog at det er først og fremst dette som skaldiskuterer med dem som støtter oss.. Manglene i å gå offensivt rett på mål og ta opp akkurat dette, har ført til svak rekruttering på steder der denne tendensen har vært utbredd.

En annen variant av dette er å forsøke å få folk på sirkel først, ei linje som bryter med at det ikke skal kreves noe spesielt nivå ut over det at folk støtter Rød Ungdom og vil bli medlemmer. Erfaringene viser også at det ofte har vært mye lettere å få folk til å bli medlem enn å begynne på sirkel først, fordi folk som ønsker medlemskap ganske riktig oppfatter dette som en omveg når de står på vippen til å organisere seg allikevel.

Alle bør undersøke sin egen praksis og prøve å sette sentralstyrets linje kraftfullt ut i livet i denne siste perioden for å oppfylle målsettingene våre .
Hvilke konkrete metoder og retningslinjer skal vi følge i den tida som står igjen?



vervekampanjen



For det første er det viktig å gripe fatt i 1.mai-aktivistene og deltakerne i arrangementene og rette vervekampanja inn mot dem. Ett lag hadde stillt som hovedparole for kampanja

"Hvor er de 153 ?" (Det var 153 i 1.mai-toget der i fjor). Dette er en god parole fordi den innretter seg på alle alle dem som har støtta klassekamplinja 1.mai, griper fatt i de aktive, og samtidig angir bredden i den rekrutteringa vi skal ha.

For det andre - utnytt de mulighetene sommeren gir, samtidig som vi holder fast på organiseringa og massegrunnlaget.

For å ta det siste først, Det er viktig at vi i sommer slåss mot oppløsningstendenser og liberalisme for å holde organisasjonen inntakt, uten den kan vi ikke klare noen ting. Men med den oppløsning som er gjennom at folk slutter på skolen, tar sommerjobb osv. er det viktig at vi ikke slipper de sympatisørene vi jobber med men prøver å holde kontakten med dem. Det ville f.eks. være helt feil å slippe en sympatisør vi her kontakt med til fordel for å prøve å utrette store ting i løpet av en 3-4 uker på en sommerjobb.

Altså: Hold organisasjonen inntakt og hold fast på massegrunnlaget!

Men samtidig må vi utnytte de mulighetene sommeren gir: Om sommeren har folk ofte god tid, og dermed også god tid til politiske diskusjoner. I år vil det antageligvis bli vanskeligere å få sommerjobb, og det må drives spesielt intensivt arbeid både med og av de som ikke klarer å få jobb. Det vil på endel steder være mulig å kjøre studiesirkler, evt. åpne studiemøter, mini-leire ei helg osv., alt ettersom mulighetene og erfaringene ligger til rette for det.

Sommeren gir også god anledning til en ekstern offensiv: Å lage propaganda -aksjoner med Røde Garde, Løpesedler, sommerleirverving osv. sammen med sympatisører. På denne måten får vi aktivisert sympatisørene i politisk arbeid, samtidig som vi når breiere ut og kan verve flere og markere Rød Ungdom.

Sommeren gir oss en rekke muligheter til å nå lengre ut, til grundige diskusjoner, til verving hvis vi utnytter de mulighetene sommeren gir samtidig som vi holder fast på hovedmetoden i vervinga.

Altså: Hold fast på hovedmetoden - utnytt de mulighetene sommeren gir.

SOMMERLEIRARBEIDET

I forbindelse med sommerleirmobiliserina skal vi opprette grupper med sympatisører som kollektivt forbereder seg til de viktigste diskusjonene på leirene. Det vil komme materiale til disse gruppene, bl.a. gjennom et spesialnummer av Røde Garde i juni. Vi skal sjølsagt prøve å få flst mulig uorganiserte til leirene og til disse gruppene, men det er viktig at vi ikke utsetter vervinga til de uorganiserte kommer på leir, men tar diskusjonene om medlemskap bli endel

av forberedelsene til leirene. Bare slik kan vi sikre at målsettingene blir oppfylt i rett tid, og at vi stadig får med flere.

FRAM FOR FULL OPPFYLLING AV ALLE MÅLSETTINGENE!

Vervekampanja har kommet et godt stykke og gitt bra resultater mange steder, men mye står igjen. Det vi går inn i nå er den hardeste etappen av kampanja fordi endel henger etter, men alle skal i mål. Dette krever hardt arbeid.

Ikke minst om sommeren er det viktig at vervinga følger en fastlagt plan som stadig følges opp og kontrolleres, og at vi fortsetter å jobbe systematisk med folk. Det er viktigere enn noensinne at alle medlemmer deltar aktivt i vervinga, ikke minst de nye som har kommet til etter at kampanja starta. Sommeren gir oss gode muligheter til dette, samtidig som faren for liberalisme kan undergrave hele kampanja hvis vi ikke holder et stramt grep hele tida.

Vervekampanjas målsetting - dobling av medlemstallet - vil bringe oss et langt skritt framover når vi oppfyller den. La innspurten vise at vi kan fylle oppgava vår som en sterk, stor og aktiv massorganisasjon for Partiet.

vervekampanjen

ER ME EINIGE OM OPPTAKSKRAVA?

Etter vår meining er me ikkje det: Fleire stader kan me oppsummera at det framleis vert stillt krav til sympatisørane om dette eller hint særskilt "nivå" for dei kan verte medlem. Der denne tendensen er utbreidd har vervekampanja vorte hindra. Desse ideane står i grunnleggjande motstrid til både vervekampanja og til masserekrutteringa i åre framover. Eigentleg står desse ideane då og i motstrid til ungdomsforbundet sin karakter av kommunistisk masseorganisasjon. Me vil derfor her prøva å gje ein meir grundig grunngjeving for opptakskrava i forbundet.

I Bolsjevik nr 1/76 vert det slått fast følgande opptakskrav: (s.9) : "Einkvar ungdom som sympatiserer med den marxist-leninistiske rørsla må overttydast til å melda seg inn.... Me må visa attende ideen om at det trensstudiar eller eit særskilt "nivå" for medlemsopptak, og me må kjempa energisk med å overttyda sympatisørane når dei har slike idear."

Det er ein mangel at det ikke sto noe om vedtektene her. Det er eit krav til alle medlemmer i Raud Ungdom om å følge vedtektene. Nye medlemmer må derfor få kjennskap til hovudpunktene i vedtektene. Og det må gjerast klart at ein som medlem må følge vedtektene. Kanskje ordet "sympatiserer" burde byttast ut med "støtter" (den marxist-leninistiske rørsla). Men desse kommentarane her kan ikkje rokke ved at opptakskrava slik dei er formulert i Bolsjevik nr. 1/76, i hovudsak er rette.

KVIFOR SLIKE OPPTAKSKRAV ?

Raud Ungdom er av type ein kommunistisk masseorganisasjon. Medan Partiet berre tek opp i seg dei mest framskredne representantane for arbeidarklassen og andre framskredne revolusjonære, skal ungdomsforbundet ikkje berre ta sikte på å organisera dei mest framskredne blant ungdommen. Raud Ungdom må sjølsagt alltid organisera dei framskredne i nemninga dei politisk medvitne blant ungdommen. Men Raud Ungdom skal organisera vidare enn dette, dvs alle som støttar forbundet. Desse kan ein og på ein måte seia er framskredne, dei er jo framskredne i høve til dei som ikkje enno støttar Raud Ungdom.

Raud Ungdom skal altså ikkje berre vinne innflyting over dei breie ungdomsmassane, men skal og organisera desse innafor eigne rekker. Partiet prøver alle som søker medlemskap gjennom arbeid utanom partiet sjøl og gjennom ei kandidattid i partiet før det vert avgjort om ein kan verta medlem. Dette er nødvendig for å kunne avgjera om ein kamerat er framskreden nok til å verta parti-medlem. Ungdomsforbundet derimot tek ikkje sikte på ein slik prøving og fostring utanfor organisasjonen (i alle vanlege høve). Ungdomsforbundet si line er å rekruttera direkte alle som i det heile lar seg rekruttera.



MEN VIL IKKJE DETTE FØRA TIL EIN FARLEG NIVÅSENKING

INoreg har me eit sterkt kommunistisk parti, AKP (m-l). Partiet treng under si leiing eit reiskap i ungdomsmassen og ei rekrutteringskjelde av untkommunar. Partiet treng ein stor kommunistisk masseorganisasjon, det tæring organisering av dei ungdommar som støtter rørsla. Fram til vervekampanja har vi ikkje arbeid målmedvete nok for å organisera desse ungdommane. Dobling er eit første steg, men ikkje siste nett fordi talet på dei som støttar oss vil auka og desse skal me alltidorganisera. Organisering av revolusjonære ungdommarvil seia klart og enkelt ei kvalitativ styrking av den revolusjonære rørsla. Dette er det stikk motsette av nivåsenking. Det er framgong for partiet og forbundet sjøl utan omsyn til at dei nyrekrutterte er uskolerde eller ikkje. Set me særskilte krav til "nivå" og studiar for medlemsopptak, så vil dette seia at ungdomsforbundet skal omfatta berre dei meir framskredne og politisk sterkt medvitne i ungdomsmassen.

vervekampanjen

Fleire medlemmer i eit lag fører ikkje til "nivåsenking" for laget. Tvert imot vil det straks syne seg som ein stor føremom for laget, dersom desse medlemmane vert gjevne oppgåver og fostra gjennom dett og studiar i marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenkning: Men dersom det ikkje vert drive kaderfostring i laget, vil sjølsagt medlemmene verta passive og kanskje gå ut. Det er ikkje slik at på grunn av at vi får nye medlemmer vert arbeidet vårt dårlegare. Derimot vert arbeidet svekka av feil i lagslivet, spesielt feil i kaderfostringa. Slike feilvert ikkje løyst ved å la vera å rekruttera. Ei slik "løysing" er jo berre å tildekkja den eigentlege feilen.

Den endelege "garantisten" mot at feil skal få lov til å utvikla seg i Raud Ungdom, og få dominera forbundet er sjølsagt det kommunistiske partiet. Laga må derfor søka hjelp hos partiet til å løysa problem, og ikkje tru at ein oppnår noko som helst ved å la vera å rekruttera.

KVA TYDER INGEN SÆRSKILTE KRAV TIL "NIVÅ" OG STUDIAR

Ingen treng studiesirkelen bak seg for å verta medlem. Ingen treng heller 'studiar' på vedtektenene. At ein er usikker på viktige delar av politikken vår er heller ikkje nokon grunn til nei til medlemskap. Det er dette som ligg i nemninga "det skal ikkje stillast særskilte krav til nivå og studiar"? Det er sjølsagt uttrykk for eit nivå hos ein kamerat når han støttar Raud Ungdom. Krava til særskilt "nivå" og studiar er alt som går utover og kjem i tillegg til kravet om støtte til forbundet og godtakning av vedtektenene. Me kan oppsummera at tendensen til å stilla krav tilsærskilt "nivå" og studiar finns både ope og skjult. Det finns idear som: "Den og den er sikkert ikkje interessert i medlemskap. Den personen markerte seg imot oss for 1 år sidan og er heller ikkje interessert." Ein stiller krav til at folk skal vera utprega aktiv og interessert, for ein finn det rett å kontakta dei for verving. Mest ope finn ein denne tendensen ved at det har vorte stillt krav om at sympatisørane må vera einige i dei og dei krava for å kunna verta medlem. Dette har i praksis gått ut på å liste opp "10 punkt" som alle er så viktige at dersom ein ikkje uttalar seg einig her så er ein ikkje kvalifisert som medlem. Dette tyder i praksis å stilla veldig omfattande krav til nivå hos dei me tar sikte på å rekruttera. Og denne praksisen gjer det heilt ut umogeleg for oss å organisera alle dei som støttar og sympatiserar med oss. Denne praksisen uttrykker linja at ungdomsforbundet skal innskrenka seg til å organisera dei aller mest framskredne og politisk medvitne blant ungdommen og halda store delar av revolusjonær ungdom utanfor organisasjonen som sympatisørar. Det har synt seg at det ikkje er så lett å kvitta seg med "bagasjen" frå fortida. Nokre gjekk bort frå standpunktet om at ein trong ha studiesirkel før ein vart medlem.

Men i neste augneblinken dukka det opp eit forslag om at kameratar som ville bli medlem burde gå gjennom fleire "sirkel"-møter på vedtektenene. Det finns og fleire "tolkingar" av setningen "Einkvar ungdom som sympatiserer med den marxist-leninistiske rørsla må overtydast til å melda seg inn." Det vert sagt at "sympatisør" tyder ein som er einig i dei og dei viktige delar av politikken vår, altså ein som har eit visst "nivå". Dette er rett i eit visst monn, ein kan knappast reknaet som sympatisør dersom ein er ueinig i mykje av politikken vår. Men kva med ein ungdomsskuleelev som støttar Raud Ungdom, som ikkje er ueinig med oss på viktige punkt, men som heller ikkje grundig har satt seg inn i politikken vår? Skal me stenga han ute inntil vidare? Klårt ikkje dersom han er viljug til å følge vedtektenene, og støtten hans er ærleg ment.

MANGE SYMPATISØRAR STILLER SJØL KRAV OM "NIVÅ"

Mange sympatisørar seier: "Me veit ikkje nok enno til å verta medlem." Denne ideen må me ikkje innbilla oss kjem frå himmelen. Tvertimot me må vera klår over at det er me sjølve som i stort mon har skapt og framleis skapar denne ideen hjå sympatisørane. Dette gjer me gjennom vår eigen praksis ved å gje inntrykk av at ungdomsforbundet er ein organisasjon av berre "utvalde framskredne" og ikkje ein masseorganisasjon som rett er. Dette gjer me sjølsagt og når me ope stiller krav om nivå til kameratar som vil melda seg inn. Framfor alt er det viktig å skjona at me må diskutera dette spørsmålet ope med sympatisørane sjøl. Når dei seier: "Eg veit ikkje nok" gjer dei eigentleg uttrykk for at dei ikkje har skjona spørsmålet om kva type organisasjon Raud Ungdom er. Sympatisørane er på dette punkt og påverka av borgarskapet sin propaganda og praksis: Politikk skal vera for dei få og "f linke" og i undertrykkinga si teneste. Dersom me sjøl medvite eller umedvite stiller krav til særskilt nivå og studiar hos sympatisørane, er det vanskeleg å overtyda dei til å verta medlem. Ei slik innstilling vil og straks innskrenka talet på dei som det er mogleg å rekruttera. Spørsmålet om opptakskrava vert då ikkje eit lite spørsmål, men eit viktig hinder i vervekampanja.

KVA SÅ?

Vervekampanja no er tent med at me kastar oss ut i diskusjonane om medlemskap med sympatisørane straks. Det ville vera heilt feil å leggja seg på ryggen og prioritere ned vervinga og heller diskutera linja for opptak. Denne diskusjonen er viktig som ein del av vervinga, men må aldri koma i staden for verkeleg verving.


Fram for dubling innan slutten av sommarleiren!!

Red

vervekampanjen

STUDIER FOR

ALLE MEDLEMMER!



Rød Ungdom er et redskap i folkets kamp mot undertrykking og utbytting, for revolusjon og sosialisme. Organisasjonen er summen av virksomheten til alle medlemmene. Det er derfor viktig å sette søkelyset på om alle medlemmer har politiske oppgaver, driver studier osv. Det er et spørsmål om hvor godt organisasjonen som helhet fyller sin oppgave.

Hvert eneste medlem må ha politiske oppgaver i klassekampen, Sjølsagt varierer det hva hver enkelt kan klare å gjøre, men det er ikke sånn at noen ikke kan ha oppgaver i det hele tatt. Også alle nye medlemmer må ha politisk ansvar. Det er på den måten at hvert enkelt medlem kan slåss for den politikken vi står for. Politiske oppgaver og politisk ansvar betyr noe mer enn bare å komme på lagsmøter. Det betyr å være med å lede fronter, holde innleiinger, ha ansvar for stands, lede studiesirkel, skrive veggaviser/løpeseddel osv. Alle sånne oppgaver må fordeles på medlemmene i laget så det ikke er noen som gjør "alt" og andre "ingenting". Det er bare gjennom at alle lagsmedlemmene deltar at oppgavene blir utført bra, og at vi kan utfolde stor aktivitet.

Men det er ikke bare å gi er nytt medlem en oppgave, og så går resten av seg sjøl. Medlemmene i laget må hjelpe hverandre med oppgavene. Særlig viktig er det at styret er flink til å rettleie, hjelpe og følge opp medlemmene i de oppgavene de har.

Det er et mål at alle medlemmer stadig skal tjene forket bedre. Det betyr å utvikle seg politisk så en kan mer av politikken og den kommunistiske teorien. Det betyr at en stadig kan utføre større oppgaver og utføre dem bedre. Og framfor alt (som et resultat av dette) blir bedre og bedre til å mobilisere massene til å slutte opp om den riktige politikken. Gjennom å ha politiske

oppgaver vil en styrke seg politisk. Uten praksis i klassekampen vil en aldri kunne bli kommunist.

Men praksis alleine er ikke nok. Det er nødvendig å skolere seg i marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenkning. Dette gjelder for alle kamerater uansett om de har vært med ei uke eller fem år. Det må derfor foregå allsidig skolering i laga. Først og fremst må alle lag sørge for at det blir gjennomført grunnsirkler for alle medlemmer som ikke har gått på det. Denne grunnskoleringa er viktig for å få ei plattform å stå på. Ut over grunnsirkelen så bør alle lese kommunistisk teori på egenhånd. Videregående studiesirkler, studiemøter o.l. er også ting som etterhvert bør komme igang. Men dette er ikke det første å ta tak i. Nå gjelder det Først og fremst at alle nye medlemmer får gått grunnsirkel. Også på dette spørsmålet påhviler det styrene et spesielt ansvar sjøl om hele laget må drive fram studiene.

